

Russland og Noreg senkar terskelen for varsling ved atomulykker

Den 21. oktober i år skreiv Strålevernet og Det russiske atomministeriet (MINATOM) under ein intensjonsprotokoll for å senke terskelen for varsling av atom- og strålingsulykker mellom landa. Miljøvernminister Børge Brende engasjerte seg i dette arbeidet etter at ubåten K-159 sank 30. august i år og var til stades under signeringa. MINATOM og Strålevernet vil òg samarbeide om andre emne knytt til den norsk-russiske avtalen om tidleg varsling av atomulykker. Arbeidet med å betre kommunikasjonen mellom landa òg ved ulykker som ikkje medfører store utslepp av radioaktivitet, er i tråd med retningsliner frå Det internasjonale atomenergibyrådet, IAEA.

Samarbeid mellom MINATOM og Strålevernet

Noreg og Russland har ei bilateral avtale om tidleg varsling av atomulykker som blei undertekna av Utanriksministrane i 1993. Denne avtalen tek utgangspunkt i IAEA-konvensjonen om tidleg varsling som blei etablert etter Tsjernobyl-ulykka i 1986. Etter denne konvensjonen og den bilaterale avtalen, er landa forplikta til å varsle kvarandre om ulykker som har strålingskonsekvensar i naboland som følgje av grenseoverskridande utslepp av radioaktivitet.

Strålevernet og MINATOM er begge kontaktpunkt og kompetente myndigheiter for avtalen og konvensjonen. Den 21. oktober i år skreiv Strålevernet og MINATOM under ein intensjonsprotokoll i Moskva om praktisk implementering av nye retningsliner for varsling og informasjonsutveksling. Gjennom tettare samarbeid vil vi òg etablere praktiske rutinar for varsling og samtidig implementere internasjonale standardar for beredskapsarbeidet. Dette vil innebere at terskelen for varsling av atom- og strålingsulykker vil bli senka.

I tillegg vil Strålevernet saman med MINATOM, samarbeide om øvingar, regelverksutvikling på beredskapsområdet, utveksling av måledata og verktøy for beslutningstøtte.



Leiar av Internasjonal avdeling i MINATOM, Vladimir Kuchynov, og avdelingsdirektør Per Strand i Statens strålevern underteknar protokollen. Bak til venstre står I viseminister Igor V. Borovkov i MINATOM og Miljøvernminister Børge Brende, saman med ambassadør Øyvind Nordsletten. (Foto: Miljøverndepartementet)

Internasjonal utvikling

Dei nordiske landa har i mange år varsla kvarandre og utveksla informasjon om hendingar som ikkje har resultert i utslepp, men som likevel kan vera av interesse for strålevernmyndigheitene t.d. fordi hendinga kan ha offentleg interesse.

Dei seinare åra har ein òg innanfor IAEA arbeidd for å senke terskelen for varsling og informasjonsutveksling mellom myndigheiter ved strålingsrelaterte hendingar. Noreg har vore ein pådrivar i

dette arbeidet og leiar no den internasjonale utviklinga av beredskap knytt til konvensjonen om tidleg varsling og konvensjonen om assistanse.



Då den utrangerte ubåten K-159 sank under slep den 30. august i år, var Russland etter den bilaterale avtale ikkje forplikta til å varsle naboland om ulykka.

(www.ksf.ru/rus/ph_report/2003/20031007/)

I ein ny IAEA-standard for beredskapsplanlegging og respons ved radiologiske og nukleære ulykker, definerer ein **transnasjonale ulykker** som ulykker som har medført eller kan føre til grenseoverskridande utslipp (jf varslingskonvensjonen), men òg m.a. som ulykker eller hendingar som kan skape stor bekymring i eit anna land fordi dei blir oppfatta som ein strålingsrisiko. Det er etablert prosedyrar for varsling av transnasjonale ulykker, men slik varsling er frivillig for ulykker utan grenseoverskridande utslipp.

Samarbeid mellom nordiske land og Russland

I september i år blei det arrangert eit seminar med deltakarar frå Russland, Sverige, Finland og Noreg. Beredskapsordningar i dei ulike landa blei presentert, i tillegg til trusselbiletet. Deltakarane var samde om å vidareutvikle det russisk-nordiske beredskapssamarbeidet gjennom felles øvingar og arbeid med å implementere IAEA-standardten.

Aktuelle område for samarbeid er identifisert, og ein vil neste vår gå gjennom og konkretisere dette samarbeidet.




MINATOM, STUK, SSI og Strålevernet vil samarbeide om beredskap. (Foto: STUK)

Godt nøgde

Strålevernet er godt nøgde med den protokollen for samarbeid som no er underteikna mellom Strålevernet og MINATOM. Vi er òg godt nøgde med at dei nordiske landa, som alle har bilaterale varslingsavtaler med Russland, no vil gjera ein felles innsats saman med Russland på beredskaps-

området. Implementering av den internasjonale standarden vil stå sentralt i Strålevernet sitt arbeid med beredskap framover, både nasjonalt og internasjonalt.



Internasjonal standard for beredskapsplanlegging og respons.

Regjeringa sin Handlingsplanen er viktig for beredskapssamarbeidet

Under Regjeringa sin handlingsplan for atomtryggleik i Nordvest Russland, blir det gjort innsats for å betre atomtryggleiken, gjennomføre risiko- og miljøkonsekvensanalysar, betre beredskapen og utvikle samarbeid mellom norske og russiske myndigheiter. Arbeid med å implementere varslingsavtala og Noreg si leiande rolle i det internasjonale beredskapsarbeidet er ein del av Handlingsplanen.